

Gratis festivalfrukost på laurdag, også i år.

04.08.2016



Deler av frukostbuffeet i fjor

Dei siste åra har det vore gratis festivalfrukost laurdag under Festidalen. Det har vore ein kjempesuksess og i fjor var det minst 350 som hadde frukost på restauranten ved båthamna. Frukosten laurdag byrjar kl.10 og det er eit spleiselag mellom Spar, Oska og Festidalen som gjer den mogeleg.



Og her er ein annan del av frukostbordet.

Denne frukosten har vore ein svært god start på ein svært innholdsrik laurdag for festivaldeltakarane. Etter frukosten går det slag i slag. Først er det den lokale utgåva av Mesternes mester, Festitaren, i båthamnsområdet kl.11. Der vert årets Kongekrabbe kåra. Kl.12 er det klart for Lambasleppet der vi kan oppleve unge oppdortormande og talentfulle musikarar på scenen i båthamna. Medan desse to programpostane

pågår, vil SmakifråOska opna sitt vesle utdandørs kjøkken slik at vi kan få kjøpt mat og drikke. Frå kl.14 opnar dei kjøkkenet på Oska og serverer eigen festivalmeny.

Når Lambasleppet er ferdig, er det klart for stort FestidaGen-show i Aktivitetshuset kl.14, ja, før det kl.13 er det føredragskro i Helgheim.

Frå kl.16 er det på Dønhaugjordet det skjer. Då startar Frisøridalen samstundes som Vamp inntar scenen og så går det slag i slag. Dette må vera superlaurdag!

Sidan vi starta med frukosten nemner vi også at SmakifråOska, restauranten ved båthamna, opnar for servering fredag kl.11. Søndag frå 10 til 12 har dei frukostservering, og frå 13 til 18 serverer dei middag. Då kan folk nyta komla som avslutning på ei fantastisk helg!

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland